

Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket  
Sak nr.: 17/3628-83

## Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

### **Vedlegg:**

1. Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027
2. Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027, vedteken i fylkestinget 19. oktober 2018

### **Andre relevante dokument i saka:**

Høyringsuttalar e-sak 17/3628, uprenta vedlegg

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

*Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027* vart vedteken i fylkestinget 19.10.18 (FT-sak 40/18). Då planen vart lagt ut til offentleg ettersyn 31.05.18 (FU-sak 56/18), låg det ved eit utkast til handlingsprogram 2019-2022, for vidare utfylling. Dette var ikkje eit fullstendig framlegg, men meint som eit utgangspunkt for å få innspel også til konkrete tiltak. Det var sett frist for innspel til handlingsprogrammet 01.10.18.

Det har kome inn tre høyringsuttalar i tillegg til innspela som kom til høyringa av sjølve plan-dokumentet og elles gjennom heile planprosessen. Balestrand kommune og Sogn og Fjordane fylkeskunstlag peikar begge på betydinga av kunst som kraft i samfunnsutviklinga, og foreslår ei rekkje konkrete tiltak for å styrkje kunstfeltet. Sogn og Fjordane idrettskrins listar i sin uttale opp framlegg til satsingar innan fagområdet fysisk aktivitet og idrett. Ein del av innspela er innarbeidde i handlingsprogrammet, andre vert tekne med i det vidare arbeidet med å realisere kulturplanen.

Handlingsprogrammet følgjer strukturen i plandokumentet, men med ein generell del innleiingsvis. Det skal følgjast opp av årlege handlingsplanar. I og med at vi frå neste årsskiftet inngår i ein større region, er det lagt til grunn at denne oppfølginga vil skje i det nye storfylket.

*Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* dannar saman med *Premiss, regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025* grunnlag for utforming av kulturpolitikken i det nye Vestland fylke. Handlingsprogramma og dei årlege handlingsplanane vil i aukande grad verte samordna når fylket er etablert og det er definert kva retning den felles kultursatsinga skal ha.

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at *Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027* vert vedteke slik det ligg føre. Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å vedta årlege handlingsplanar.